



Teknisk drift
 Besøksadresse:
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no
 Heimeside: www.lindas.kommune.no
 Kartside: www.nordhordlandskart.no
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Bjørn Dyrkolbotn

Dykkar ref. Sakshandsamar:
 Linda Folkestad

Dyrhovden 2 A
 5993 OSTEREIDET

Vår ref. Telefon
 2010/1529 - 0 - 56375170
 235/2011

Arkivkode: Dato:
 233/105 04.01.2011

Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining, delingssak Gbnr. 233/105.

Syner til brev datert 28.12.2010 vedrørende søknad om avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr. 233/105, Dyrhovden 2A på Ostereidet. Vegavdelinga gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet (vegnormal 017, veglova §§ 40-43 og forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905 punkt 3-13 og 15). Avkjørsla skal blant anna ha eit fall frå kommunal veg på 2,5% (5cm) på dei to første metrane før vegen stiger/faller. Verdiane gjeld veg med ferdig dekke (asfalt, oljegrus osv).
- Under avkjørsla skal det leggast dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Avkjørsla skal være bygd slik at det er god oversikt i vegkrysset slik at den fører til minst muleg blempe for dei som ferdast langs offentleg veg. Avkjørsle skal være vinkelrett på kommunevegen.
- Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunal veg på kvar side av avkjørsla. Siksone vert konstruert ved hjelp av ei siktrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla (målt frå kant kommunal veg) og minimum 30 m til kvar side (målt langs kant kommunal veg).
- Siksone skal være fri for sikthindringar, som til dømes hekk, buskvekstar, trær, byggverk og andre sikthindringar, som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå.
- Siksone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siksone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av gjenstandar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå.
- Svingradius skal være slik at ein kan svinge både til høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er sett til minimum 3m.
- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, driftsbygning, forretning eller regelmessig nyttast til bil kjøring (avkjørsle til hytte/bustad) skal det utanfor vegområdet innrettast snuplass slik at rygging inn og ut frå kommunevegen unngåast.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt kart (datert 04.01.11).

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig til byggesak.

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



B 2

Det er §§ 29-31 og 40-43 i Veglova, vegenormal 017 og forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905, punkt 3-13 og 15) som gjev lovheimel for at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyvet er gjeve ut i frå overnemnte regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på dei vilkår som er nemnt ovanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

for

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:

Sveinung Toft

Sveinung A. Håkonsen



Teknisk drift
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kværnhusmyrane 20, 5914 Istdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Hjemmeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Bjørn Dyrkolbotn

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Linda Folkestad

Dyrhovden 2 A
5993 OSTEREIDET

Vår ref. Telefon
2010/1529 - 0 - 56375170
726/2011

Arkivkode: Dato:
233/105 10.01.2011

Vedrørende brev datert 07.01.2011.

Teknisk drift gav i brev datert 04.01.2011 løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle fra nærmeste kommunale veg. Vegen som tidlegare var privat veg og som no er overtatt av kommunen, vert ei ny hovudveg. Dette er orsaka til at ny bustadtomt får utvida bruk av eksisterande avkjørsle med ei anna plassering enn det som Gbnr. 233/105 fekk av Statens vegvesen på 70 talet. Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsler vert alltid gitt til nærmast offentlege veg. I Dykkar tilfellet vert dette avkjørsla som vist på kart vedlagt løyve datert 04.01.2011. Det er denne avkjørsla det skal søkast utvida bruk av ved deling av eksisterande eigedom.

Når det gjeld vilkår i løyve datert 04.01.2011 er dette standard vilkår som vert gitt til både nye avkjørsler og ved utvida bruk av eksisterande avkjørsler. Vilkåra i løyve er utdrag av vegdirektoratets bestemmelser for korleis avkjørsler frå offentleg veg skal være opparbeida (FOR-1964-07-16 nr. 3905, vegnormal 017 og veglova §§ 29-31 og 40-43). Det vil seie at vilkår i løyve er krav som skal være stetta for at løyve skal være godkjent. Det vil seie at dersom opparbeida avkjørsle ikkje tilfredsstillar dei tekniske krava til utforming, må avkjørsla utbetrastr slik at krava vert stetta.

Teknisk drift håpar at dette brevet gir ei betre forklaring på løyve som vart gitt 04.01.2011. Dersom noe framleis er uklart, ta kontakt med vegavdelinga v/ Sveinung Håkonsen på telefon 56 37 56 80 eller Linda Folkestad på telefon 56 37 51 70.

Med helsing

Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad

Linda Folkestad
saksbehandler teknisk drift

Kopi til:
Vigleik Stusdal



B4

BJØRN DYRKOLBOTN
Dyrhovden 2A
5993 Ostereidet
Tlf: 99218251
E-post: bdyrk0@online.no

833/105

10.01.2011

10/1529
FCK

Ostereidet 07.01.2011

Lindås Kommune
Teknisk Drift, Vei
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar referanse: 2010/1529 - 0 -235/2011
Dykkar sakhandsamar: Linda Folkestad

SØKNAD OM AVKJØRSEL FRÅ KOMMUNAL VEG
Gnr 233 bnr 105, Dyrhovden 2A på Ostereidet

Syner til Dykkar brev datert 04.01.2011 samt min søknad datert 28.12.10.
Slik eg tolkar Dykkar brev datert 04.01.2011, har eg no fått løyve til bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, til min planlagde bustadtomt.

Ut frå formuleringar i Dykkar brev datert 04.01.2011, folar eg det naudsint å koma med nokre presiseringar.
Underteikna bur no i eigen eksisterande bustad på gnr 233 bnr 105 på Ostereidet.
Min eksisterande bustad på gnr 233 bnr 105 har godkjent avkjørsel til kommunal veg.
Denne godkjenningsa vart gjeven av Statens Vegvesen på 70-talet, og mange år før det vart opparbeida veg til bustadfelt i Dyrhovden bustadfelt.

Underteikna arbeider no med å skilje ut ein ny bustadtomt.

Den omsøkte utskilte tomta, vil bli omsøkt skilt ut frå min noverande bustadtomt gnr 233 bnr 105.

I min søknad datert 28.12.10, er det anført og inn teikna at avkjørsle frå min omsøkte framtidige utskilte tomt, er planlagt først skal gå inn på min eksisterande veg på gnr 233 bnr 105, og deretter ut i kommunal veg.
I Dykkar brev datert 04.01.11 er vedlagt eit kartutsnitt datert 04.01.11.

Ut frå dette kartutsnitt, kan det sjå ut som sakhandsamar har oppfatta søknaden min, som om eg søker om å opparbeida ein heilt ny utkjørsel ut i kommunal veg.

Om det er slik sakhandsamar har oppfatta søknaden min datert 28.12.10, er altså dette feil oppfatta.

Dersom ovanfor nemnde er akseptabelt for Dykk, har for min del ingen behov for skrifteleg tilbakemelding.
Som anført over i dette brev, tolkar eg Dykkar brev datert 04.01.2011 som at eg no fått løyve til bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, til min planlagde bustadtomt.
Når eg startar grunnarbeida med å opparbeida min framtidige bustadtomt, og event ser at avkjørsla får konsekvensar som angitt i Dykkar brev, vil eg sjølv sagt halda meg innafor vilkår gitt i Dykkar brev datert 04.01.2011.

Kopi: Sveinung Toft
Sveinung A. Håkonsen

Med helsing

Bjørn Dyrkolbotn
Bjørn Dyrkolbotn